

Arkiv: FE-026
JournalpostID: <jplD> 20/9576
Saksbehandlar:
Dato: 20.02.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
040/20	Alver kommunestyre	14.05.2020
014/20	Utval for næringsutvikling og drift	11.03.2020

Medlemsskap i Nettverk fjord- og kystkommuner Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune søker medlemskap i Nettverket for fjord- og kystkommunar (NFKK). Medlemskostnadane på kr 45 000,- skal dekkast av driftsbudsjettet.

Utval for næringsutvikling og drift 11.03.2020:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 014/20 Vedtak:

Alver kommune søker medlemskap i Nettverket for fjord- og kystkommunar (NFKK). Medlemskostnadane på kr 45 000,- skal dekkast av driftsbudsjettet.

Alver kommunestyre 14.05.2020:

Behandling:

Innstillinga frå næringsutvikling og drift vart samrøystes vedteke.

KO- 040/20 Vedtak:

Alver kommune søker medlemskap i Nettverket for fjord- og kystkommunar (NFKK). Medlemskostnadane på kr 45 000,- skal dekkast av driftsbudsjettet.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i Utval for næringsutvikling og drift.
Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Bakgrunn

Alver kommune skal i gang med ein ny interkommunal plan for sjøområda. Alver kommune er ein stor kystkommune på Vestlandet og det er av interesse for Alver å kunne delta i eit felles nettverk med felles interesser for forvaltning av kommunale sjøområde.

Nettverk fjord- og kystkommuner (NFKK) er den einaste organisasjonen som ivaretar fjord- kystkommunane sine interesser. Nettverket har over 75 fjord- og kystkommunar med felles interesser for forvaltning av kommunalt sjøområde.

Nettverket har sidan starten i 2009 arbeidd for at kommunane skal ha ei rimeleg inntekt basert på det beslag av areal som oppdrettsnæringa har i dei kommunale sjøområda. Dette har gitt resultat i form av opprettinga av Havbruksfondet som gir 70 prosent av inntektene frå kjøp av vekst til kommunane. Men dette er ei usikker ordning og NFKK jobber derfor med å få til ei ordning som gir meir føreseielege inntekter frå næringa til kommunane.

NFKK har i 2019 vedtatt å slutte seg til å inngå i paraply-organisasjonen Naturressurskommunene.

NFKK jobber også med viktige saker som:

- Kommunene sitt forvaltningsansvar for sjøareal
- Forholdet mellom oppdrettsnæring og villaksforvaltning
- Flerie lokale arbeidsplassar i oppdrettsnæringa
- Marin forsøpling
- Samferdsel og kommunikasjonar

Medlemskontingent er som følger:

Kommunar med over 10 000 innbyggjarar – NOK 45.000

Organisering:

Styret består av ordførarar frå medlemskommunar og har følgjande samansetning:

<https://www.nfkk.no/styret/>